


Nissedal kommune

Planstrategi 2021 – 2023



Der gode liv levast

Vedteken, kommunestyresak 34/21, 06.05.2021

Innhald

1. Føremål med kommunal planstrategi	3
1.1 Omtale av prosessen	3
2. Overordna føringar som har verknad for planbehovet	3
2.1 Nasjonale forventingar.....	3
2.2 Regionale planar og føringar	4
2.3 Interkommunalt plansamarbeid.....	4
3. Plansystemet i Nissedal kommune	4
3.1 Sentrale prinsipp ved utarbeiding av planar i Nissedal kommune	4
4. Utviklingstrekk og utfordringar for Nissedal	5
4.1 Samfunnsutvikling/folketalsutvikling – attraktivitet	6
4.2 Næringsliv, arbeidsplassar og infrastruktur	7
4.3 Samfunnstryggleik og beredskap	8
4.4 Arealbruk, landskap og naturmangfald	9
4.5 Digitalisering av kommunale tenester	10
4.6 Folkehelse og levekår	10
4.7 Barnehage, skule og utdanning	12
4.8 Kultur	13
4.9 Klima og miljø.....	14
5. Vurdering og prioritering av planbehovet dei neste fire åra	15
5.1 Vedtekne planar og planar under arbeid.....	15
5.2 Status og vurdering av den einskilde planen.....	17
5.2.1 Kommuneplanen for Nissedal, samfunnsdelen	17
5.2.2 Kommuneplanen for Nissedal, arealdelen	17
5.2.3 Kommunedelplanen for Kyrkjebygdeheia	17
5.2.4 Kommunedelplanen for Kyrkjebygda	17
5.2.5 Kommunedelplanen for Treungen sentrum	17
5.2.6 Kommunedelplanen for Gautefallheia	18
5.2.7 Kommunedelplanen for Felle.....	18
5.2.8 Klima- og energiplan for Nissedal kommune	18
5.2.9 Overordna beredskapsplan	18
5.2.10 Atomberedskapsplan.....	19
5.2.11 Handlingsplan for trafikksikring	19
5.2.12 Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Nissedal kommune.....	19
5.2.13 Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet	19
5.2.14 Strategisk næringsplan for Nissedal kommune.....	19
5.2.15 Bu- og næringsutvalets rapport 17.....	20
5.2.16 Landbruksplan for Nissedal	20
5.2.17 Hjorteviltplan for Nissedal kommune	20
5.2.18 Folkehelseplan	20
5.2.19 Bustadsosial handlingsplan	20
5.2.20 Plan for busetjing og integrering av flyktningar i Nissedal kommune	21
5.2.21 Plan for barne- og ungdomshelsetenesta	21
5.2.22 Leseplan for 1. – 10. steg	21
5.2.23 Plan for vurdering for læring	21
5.2.24 Plan for elevane sitt psykososiale miljø	21
5.2.25 Plan for overgangar «Frå eldst til yngst»	21
5.2.26 Plan for heim/skule-samarbeid for Tveit skule/Nissedal ungdomsskule	22
5.2.27 Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune.....	22
5.2.28 Plan for tilsyn med barnehagane i Nissedal kommune.....	22
5.2.29 Trafikkopplæringsplan for skulane i Nissedal kommune	22
5.2.30 Plan for den kulturelle skulesekken.....	22
5.2.31 Hovudplan for vatn og avlaup	22
5.2.32 Plan for bruk av nynorsk i Nissedal kommune	23

5.2.33 - 5.2.51 Reguleringsplanar over offentleg areal	23-26
5.3 Nye planbehov i kommunestyreperioden.....	26
5.4 Samandrag av planbehovet for dei neste fire åra	29

Vedlegg 1 Folkehelseprofil 2020 - Nissedal

Vedlegg 2 Kommunefakta frå SSB om Nissedal kommune

1.Føremål med kommunal planstrategi

Dokumentet *Kommunal planstrategi* skal klargjere kva planoppgåver kommunen skal prioritere for å legge til rette for ønskja utvikling i kommunen. Kommunal planstrategi er retningsgivande for prioritering av planoppgåvene.

I plan- og bygningslova frå 1985 var det krav om at kommunestyret minst ein gong i løpet av valperioden skulle ta stilling til om kommuneplanen skulle rullerast. I ny planlov er dette erstatta med krav om vedtak av kommunal planstrategi. I denne skal kommunestyret ta stilling til om heile eller delar av kommuneplanen skal reviderast. Kommunal planstrategi skal vedtakast innan eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre.

Kommunal planstrategi er ikkje ein plan med mål og strategiar, men ein plan for planlegging dei neste tre-fire åra. Sentrale *Utviklingstrekk* og *Utfordringar* bør likevel drøftast for å kunne vurdere planbehovet. Kommunal planstrategi er og eit egna verktøy for å vurdere plansystem, planressursar og samla planbehov i kommunen.

1.1 Omtale av prosessen

Proessen med kommunal planstrategi har vore gjennomført på fylgjande vis:

23.11.20	Leiarforum laga plan for prosessen
15.12.20	presentasjon og drøfting av utfordringsbildet i leiarforum.
11.01.21	drøfting av planbehov etter innspel frå einingane.
28.01.21	behandling i formannskapet av framlegg til kommunal planstrategi
10.02.21	forslag til kommunal planstrategi gjort offentleg kjent.
00.00.00	vedta kommunal planstrategi i kommunestyret.

2. Overordna føringar som har verknad for planbehovet

2.1 Nasjonale forventingar

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging. I forventningane for perioden 2021-23 peiker regjeringa på fire store *Utfordringar*:

- å skape eit bærekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk bærekraftig samfunn gjennom mellom annet ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt bærekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

Regjeringa vil at FN sine 17 berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i utfordringane, og at dei skal vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. I

tillegg er det ei rekke lover og statlege planretningslinjer som legg føringar for kommunale planlegging og som kan gje grunnlag for motsegn.

2.2 Regionale planar og føringar

Dei regionale forventingane til kommunal planlegging er samla og konkretisert i dokumentet *Regional planstrategi 2020-2024, (Å utvikle Vestfold og Telemark – verdiskaping gjennom grønn omstilling)*

Andre sentrale dokument på regionnivå for arbeidet med kommunal planstrategi i Nissedal er:

- Regional plan for folkehelse (2018)
- Regional plan for oppvekst og kompetanse (2016)
- Regional plan for nyskaping og næringsutvikling (2011)
- Regional plan for reiseliv og opplevelser (2011)
- Regional plan for samordna areal og transport i Telemark (2015)
- Regional plan for vassforvaltning i vass-region Agder 2016-2021
- Regional klimaplan for Telemark (2019)
- Strategi for kultur og kulturarv (2014 – 2025)
- Strategi for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet (2016–2020)

2.3 Interkommunalt plansamarbeid

Interkommunale planar vil i stor grad bli initiert i regionrådet for Vest-Telemark. Eit døme er felles klimaplan, som vil bli vedteke i 2021.

3. Plansystemet i Nissedal kommune

3.1 Sentrale prinsipp ved utarbeiding av planar i Nissedal kommune

I kommunal planstrategi for Nissedal blir det lagt opp til at fokusområde i vidare planarbeid skal avklarast nærare i planprogram for den enkelte plan. Utfordringsbildet og nasjonale og regionale føringar skal i den samanheng leggest til grunn.

Følgjande fire prinsipp vil vere førande ved utarbeiding av planprogram for den enkelte plan:

- Det skal fokuserast på dei viktigaste utfordringane kommunen står overfor.
- Det skal vere *Utfordringar* kommunen har føresetnadar for å kunne gjere noko med.
- Det skal vere *Utfordringar* som er egna for «løysing» gjennom plan.
- Planarbeid skal vere behovsstyrt og ikkje meir omfattande enn nødvendig.

Utover dette skal følgjande ligge fast:


Kommuneplanens samfunnsdel – langsiktig del, legg føringar for all vidare planlegging og gjennomføring av tiltak i kommunen. Arealdelen av kommuneplanen skal bygge på denne.

Omgrepet «kommunedelplan» blir brukt for planar som er formalisert gjennom saksbehandlingsreglane i plan- og bygningslova. Omgrepet tema- eller sektorplan blir nytta om planar som tek føre seg særskilte tema, men utan ei saksgang som nemnd over. For å sikre gjennomføring av kommuneplanens samfunnsdel, skal mål og strategiar konkretiserast gjennom kommuneplanens handlingsprogram. Dette handlingsprogrammet skal reviderast kvart år.

Økonomiplanen, inkl. budsjett, skal vere ein del av kommuneplanens handlingsprogram (Kommuneplanens handlingsprogram med økonomiplan og årsbudsjett).

Planlegging er eit verkemiddel for å sikre god samhandling mellom dei ulike sektorane. Organisering og medverknad i planprosessane må spegle dette.

Plansystemet illustrert:



4. Utviklingstrekk og utfordringar for Nissedal

Utgangspunktet for å vurdere planbehovet dei neste fire åra, er dei utfordringane kommunen står framfor, både som arbeidsgjevar, tenesteytar og som samfunnsutviklar.

Det er ikkje gitt at kommunen har eit samanfallede syn med sentrale styresmakter på utfordringsbildet og med det på planbehovet, slik dette blir teikna i det nasjonale forventingsdokumentet til kommunal planstrategi.

4.1 Samfunnsutvikling/folketalsutvikling - attraktivitet

Utviklingstrekk

Vekst i innbyggjartalet er avgjerande for ei positiv utvikling i kommunen. Med færre innbyggjarar blir det sosiale miljøet snevrare og mindre attraktivt, både for dei som blir verande og for potensielle tilflyttarar. Folketalet i Nissedal har dei siste åra variert mellom 1 490 og 1 430.

Attraktivitet som bustadkommune heng nøye saman med tilgjenge på attraktive arbeidsplassar. Samstundes er Nissedal geografisk plassert utanfor pendlaravstand frå arbeidsmarknaden langs kysten. Folketalsutvikling og næringsutvikling lokalt heng difor svært nøye saman. Vidare er det stadig fleire som tek høgare utdanning. I dag har desse avgrensa moglegheit til relevant arbeid lokalt, noko som på sikt kan gje kommunen store *Utfordringar* også med omsyn til folketalutviklinga.

Som arbeidsgjevar er Nissedal kommune avhengig av god tilgang på relevant kompetanse. Komplekse tenester gjer at det blir stilt høgare krav til utdanning enn tidlegare. Det er og ei utfordring å få folk med rett kompetanse til å flytte til kommunen dersom det er vanskeleg for eventuell ektefelle/sambuar å få relevant jobb, eller dersom dei ikkje finn at det er eit interessant og stort nok fagmiljø her. I denne samanhengen er det rett å peike på at Nissedal har få kompetanse-arbeidsplassar i privat verksemd samanlikna med andre kommunar.

Tilsvarende kan det vere ei utfordring å få dei rette personane til å flytte hit dersom det ikkje blir oppfatta å vere tilgang til attraktive bustader/bustadtomter eller gode barnehage-, skule-, kultur- eller helsetenester i kommunen.

Etter omregulering og kommunal tilrettelegging av bustadfeltet Tveitsund, nordre del av Kåsa-Solli og sist Damkollen, tok bustadbygginga i kommunen seg opp. Skal denne utviklinga halde fram, må ytterlegare tiltak gjennomførast.

Mange gardsbruk i kommunen står tomme (79 av 209 registrerte landbruks-eigedomar med bustad). Det er fleire årsaker til dette, og bu- og driveplikta kan berre til ein viss grad motverke trenden. Samstundes er det kjent at for mange potensielle tilflyttarar kan eige gardsbruk vere svært ettertrakta

Distriktssenteret via Telemarksforsking laga i 2018 ein oppdatert rapport som heiter «suksessrike distriktskommunar anno 2018», der dei legg fram ein del grunnar for kvifor tilflytting og næringsutvikling i distrikta er betydeleg vanskelegere enn i meir sentrale strøk. Deira funn peikar på nasjonal sentraliseringspolitikk, unge menneskje sine preferansar for kor dei vil bu og at næring i sentrale strøk ofte er næring i vekst medan næring i distrikta er næring i nedgang (til dømes landbruk). Ein må difor tenkje meir innovativt, og ikkje minst annleis på «landet».

Å auke innbyggjartal er ei multivariabel problemstilling som krev ei rad tiltak og ei god og brei tilrettelegging. Det er avgjerande å ha nok arbeidsplassar, bustader og ha godt tenestetilbod. Etablering av nye arbeidsplassar avhenger også av næringsareal og ledige næringsbygg.

Det er heilskapen som avgjer attraktiviteten som bustadkommune. Dette underbyggast av Telemarksforsking («Suksessrike distriktskommunar» TF-rapport nr. 303, 2012). Rapporten nemner mellom anna at utvikling av stader er sterkt knytt til folka som bur der, og tilhøvet mellom bustadattraktivitet, bedriftsattraktivitet og besøksattraktivitet skaper vekst.

Utfordringar

- å ha eit variert tilbod av byggeklare bustadtomter
- å handheve buplikta i høve til både landbrukseigedomar og heilårsbustader

- å oppretthalde kommunale kompetansearbeidsplassar
- å skape fleire private kompetansearbeidsplassar

4.2 Næringsliv, arbeidsplassar og infrastruktur

Utviklingstrekk

Hyttebygging har vore ei sterk drivkraft i utviklinga av næringslivet i Nissedal frå slutten av 1990-talet og fram til i dag. Dei fleste bedriftsetableringane har, direkte eller indirekte, hatt "hytter" som eit viktig marknadsgrunnlag. Samstundes er hyttebygging ei konjunkturavhengig næring som er sårbar for svingingar i privatøkonomien, noko som gjev ekstra utfordringar i tider med låg etterspurnad.

Kommunen har i dag eit hovedvassverk som forsyner Treungen sentrum, Kyrkjebygda, Kyrkjebygdheia og heile Gautefall-området. Det arbeidast no med å etablere nytt reinseanlegg for same området. På Gautefall samarbeider me med Drangedal kommune om både vatn- og avløpsløyning. Dei siste åra har kommunen satsa stort på å levere kommunalt vatn og avløp til dei store hytteområda i kommunen. I tillegg har ein kommunalt vatn og avløp både i Haugsjåsund og på Felle.

Som eit resultat av hyttebygginga, er det skapt ein større marknad for etablering av fleire servicebedrifter, også med grunnlag i lokale attraksjonar/aktivitetar. Til tider har det derimot vore vanskeleg å få tak i handverkarar, særleg snikkarar. Det vil her vere viktig med god kontakt mellom næringslivet og skulen med tanke på rekruttering. Entreprenørskapsprosjekta og rådgjevingstenesta i grunnskulen vil her stå sentralt.

Som resultat av rasjonalisering og redusert lønsemd, har tradisjonelt landbruk (jord- og skogbruk) fått mindre å seie for økonomi og sysselsetting. Bruka har lite dyrka og dyrkbart areal, og driftsopplegg basert på jordleige gir ikkje på same vis grunnlag for større nyinvesteringar i driftsbygningar, maskinpark m.m. Alternativ utvikling for nokre av desse vil vere tilleggsnæringar basert på lokale ressursar som synleggjering av kulturminne og naturkvalitetar, eller t.d. eit samarbeid mellom matprodusent og serveringsstad om profilering av kortreist tradisjonsmat. Å hindre gjengroing av kulturmark og utsikt, vil bli ei stadig større utfordring i høve til attraktiviteten for bumiljø, turisme og reiselivsbedrifter.

Rv41 går nord/sør gjennom kommunen. Dette er den viktigaste transportåra, og også den viktigaste tilkomstvegen for tilreisande til kommunen. Veggen er stamveg, og som slik eit nasjonalt ansvar. Vegvesenet utarbeidde i 2011 ein overordna rutevis plan for rv41 mellom Brunkeberg og Aust-Agder grense. Planen viste at det var eit stort etterslep i det ordinære vedlikehaldet av veggen. Frå 2013 er det her blitt gjort mykje godt vegarbeid, slik at strekninga frå Kyrkjebygda og til kommunegrensa mot Kviteseid frå hausten 2016 vil ha samanhengande to køyrefelt (gul midtstripe), ca. 10,5 km. Det vil vere avgjerande at dette arbeidet kan halde fram for den resterande strekninga av riksvegen Treungen sentrum – Kyrkjebygda, ca. 19 km.

Sidan ein ikkje har vidaregåande skule i Nissedal kommune er det viktig med god kommunikasjon mot dei næraste vidaregåande skulane slik at det er mogleg å dagpendle. (På bygdene er det elles vanleg at ein må flytte på hybel når ein er 15-16 år. For å unngå dette, hender det heile familiar flyttar til meir sentrale strom når ungdommen skal starte på vidaregåande.)

Utviklinga dei siste åra har synt at tilfredsstillande mobildekning og breibandstilknytning er nesten like viktig som straum og veg. Kommunen må ta konsekvensen av dette. At desse tilboda er/kan kome på plass, må ligge til grunn for godkjenning av nye areal til næringsbygg eller bustadfelt. Parallelt må det arbeidast for betre tilhøve for eksisterande bustader på

begge desse områda. For kommunen som arbeidsgjevar og tenesteytar vil det også i framtida ligge store utfordringar knytt til ikt-satsing. Det vil bli stilt større krav til tilsettes ikt-kompetanse. Samstundes ligg det store moglegheiter bl.a. i auka publikumsdialog, raskare informasjonsflyt og meir samordning av informasjonssystem.

Utfordringar

- Sikre forsvarleg finansiering av framtidige vatn- og avløpsutbyggingar i kommunal regi.
- Rekruttere kvalifiserte handverkarar innan bygg og anlegg og utdanna til kompetansearbeidsplassar, både på kort og lang sikt.
- Utvikle tilleggsnæringar, særleg basert på lokale ressursar.
- Hindre gjengroing av kulturmark og utsikt.
- Sikre kommunen framtidige kraftinntekter.
- Rv41 må framleis få statleg finansiering til omfattande utbetringstiltak.
- Alle nye bustadfelt må ha breibandløysing og god mobildekning.

4.3 Samfunnstryggleik og beredskap

Utviklingstrekk

Auka bevisstgjerjing på kva naturgitte og menneskeskapte hendingar kan føre med seg av skader for folkesetnaden gjer at samfunnet er mykje meir medveten samfunnstryggleik og beredskap enn berre for kort tid sidan.

Framover skal alle planprosessar som endrar arealbruken avklare verknadane for samfunnstryggleiken. Det er fleire nettportalar som kan nyttast i denne samanhengen, m.a. NVE og NGU. Det kan nok vere noko grovmaska og gjere det naudsynt å få nærare kunnskap ved å nytte ekspertise innan desse fagfelta.

Overordna ROS-analyse for Nissedal kommune vart vedteken i kommunestyret i 2014, og det er starta opp eit arbeid for å revidere denne.

Overordna beredskapsplan vart vedteken i 2016 og skal også reviderast i 2021.

Erfaringar viser at ein oftare opplever ekstremvær, og dette kan skape utfordringar for vårt tryggleiks- og beredskapsarbeid. Ein bør kartlegge kva for punkter og plasser som kan skape problem ved ekstremvær. Ein felles klima og miljøplan for Vest-Telemark er under arbeid, og denne legg opp til at det også vert laga kommunevise klimaplanar.

Nissedal kommune er ein kommune med mange fritidsbustader, som i periodar gjev ei stor auke i innbyggjartalet. Det er viktig at ein har ein beredskap som er dimensjonera for dette, det gjeld særleg brann og helse. For brannvesenet vil det bli sett krav til ROS-analyse, som kartlegg risikoen og sårbarheten i ansvarsområdet. Samt at det skal gjennomførast ei supplerande førebyggjande-analyse og ei beredskapsanalyse, som skal angi korleis ein skal handtere det som skjer og med kva for ressursar.

Kommunen må oppretthalde arbeidet med trafikktryggleiksplan da den ligg til grunn for å kunne søke om tilskot til tiltak frå fylkeskommunen.

Hovudplan for vatn og avløp er vedtatt i 2017. Kommunen har fokusert på å sikre trygt og sikkert drikkevatt og god handtering av avløp til både fastbuande og fritidsbuande. Planen bør reviderast i 2021 for å sjå på nye utfordringar og oppdatere gjennomføring av tiltak.

Vassdragsregulering kan vere flaumdempande. Det er derimot tvil om dagens manøvreringsreglement for Nisser har tatt høgde for den varsla nedbørsauken/intensiteten. Tal kommunen har henta frå NVE syner til dømes at gjennomsnittleg magasinifylling for perioden 1991-2018 for dei kritiske haustmånadene (sept-nov) har auka med ca. 30 cm. Dette har gjort bufferen tilsvarande mindre, og flaumrisikoen tilsvarande større. Denne utviklinga synest ikkje å svare på dei utfordringane som ligg med tanke på å førebygge moglege flaumsituasjonar nedstraums Nisser.

Utfordringar

- Behalde og kvalifisert nøkkelpersonell innan beredskapsarbeid
- Ha nok personell til å handtere alvorlege hendingar i kommunen – tiltenkt personell kan ha fleire sentreale oppgåver.
- Jobbe systematisk og målretta innanfor samfunnstryggleik og beredskap slik at ein kan handtere alvorlege situasjonar på ein god måte.
- Ha god nok beredskap særleg innanfor brann og helse i periodar med stor auke i antal personar som oppheld seg i kommunen.
- Få ein revisjon av manøvreringsreglementet innom dagens konsesjon som i større grad tek omsyn til at reguleringa også skal gje flaumdemping

4.4 Arealbruk, landskap og naturmangfald

Utviklingstrekk

Endra arealbruk i Nissedal dei siste åra knyter seg i all hovudsak til to forhold; Hyttebygging og infrastrukturtiltak i samband med dette, og gjengroing av dyrka mark og beiteland.

Det fyrste er i stor grad styrt av lokalpolitiske vedtak der inngrepa er betydelege for arealet som blir tatt i bruk, men der arealomfanget trass alt er avgrensa. Kommunen har ved å konsentrerer hytte-bygginga til satsingsområda Kyrkjebygdheia, Gautefallheia og Felle gjort det mogleg å bygge ut kommunalt avløpsnett i desse områda.

Godkjente hyttefelt rundt Nisser ligg alle i avstand minimum 50 m frå innsjøen, og alle så nær som eitt (Ånundsbuoddane) har offentleg veg mellom seg og strand-sona. Utbyggingane her har såleis ikkje privatisert strandsoneareal, men bruken av Nisser til rekreasjonsføremål har auka.

Omfanget av bustadbygging, næringsetablering og generell sentrumsutvikling har gitt, og vil i åra framover, gi marginale utslag i endra arealbruk.

I kommunens del av villreinområdet Våmur-Roan, som utgjør ca. 13 % av kommunens totalareal, er det berre gitt to byggeløyve for nybygg etter pbl §§ 20-3, 20-4 i kommuneplanperiodane frå 1998 til i dag. Begge knyter seg til vidareutvikling av eksisterande støylsmiljø. Det har derimot ikkje vore arealsaker i dei 21 områda som ved naturtyperegistreringa i 2003/04 blei ført opp som særleg verdifulle.

Det andre forholdet, gjengroing, er i all hovudsak styrt av trendar utanfor lokalpolitisk kontroll. Redusert lønsemd i landbruket, særleg for bruk av lokalprodusert fôr, hausta eller beita, gjer at mindre godt arronderede areal går ut av produksjon/bruk. Slike areal har derimot ofte stor kulturhistorisk og landskapsestetisk verdi. Det er derimot ikkje noko i den nasjonale landbrukspolitikken som tilseier at gjengroing av desse areala ikkje vil halde fram.

Eit tredje tema vil på sikt vere endra arealbruk i samband med «det grønne skiftet». Skal dette skiftet lykkast må ein større del av energiforbruket kome frå «grønt karbon». Særleg satsinga på eit anlegg for utvinning av biodrivstoff i nabokommunen Åmli, vil sterkt kunne påverke arealbruken i Nissedal kommune i form av auka uttak av biomasse med tilhøyrande nødvendig utbygging av infrastruktur.

Utfordringar

- Vidareføre ei forvaltning som sikrar vassdragsnære areal mot utbygging.
- Tiltak mot gjengroing av særleg verdifult kulturlandskap.
- Bidra til det «grønne skiftet» gjennom produksjon av biomasse, men likevel ivareta naturmangfaldet.

4.5 Digitalisering av kommunale tenester

Utviklingstrekk (frå KS sin digitaliseringsstrategi (2017-2020) / Stortingsmelding 27 (2015-2016))

«Bruk av teknologi står sentralt i arbeidet for å forbedre og fornye offentlig sektor i Norge, og det er et stort uutnyttet potensial for effektivisering i forvaltningen gjennom bruk av IKT. De demografiske endringene medfører behov for store omstillinger. me må bli mer produktive. Det vil si at vi blir i stand til å produsere flere varer og tjenester med gitt ressursinnsats. Økt automatisering av kommunikasjon og saksgang i og mellom virksomheter, og mellom virksomheter og innbygger og næringsliv, kan bli et viktig grep. Bruk av velferdsteknologi kan avhjelpe behovet for manuell bistand til eldre og hjelpetrengende og bidra til økt livskvalitet for den enkelte.»

KS peikar på 5 fokusområde:

- Brukaren i sentrum
- Ikt er ein vesentleg innsatsfaktor for innovasjon og produktivitet
- Styrka digital kompetanse og deltaking
- Effektiv digitalisering av offentlig sektor
- Godt personvern og god informasjonssikkerhet

Utfordringar

Nissedal kommune er ein liten kommune med relativt små ressursar og låg kompetanse til å drive utviklingsarbeid innan digitalisering. Digitalisering har difor vore tema i det regionale samarbeidet i Vest-Telemark, og det er initiert fleire delprosjekt som ledd i dette arbeidet. Diverre har ein så langt ikkje klart å utarbeide ein felles digitaliseringsstrategi.

Behovet for å arbeide med dette på ein meir systematisk og strukturert måte er bare aukande, og Nissedal kommune må difor prioritere utarbeiding av ein digitaliseringsstrategi, primært i samarbeid med andre kommunar, men om naudsynt, på eigen hand.

4.6 Folkehelse og levekår

Utviklingstrekk

I Folkehelseprofilen (2020) skil ikkje Nissedal seg mykje ut når ein samanliknar med fylket eller landet. Ein ser likevel at Nissedal har færre einslege forsørgjarar, færre innbyggjarar med psykiske symptom, færre innbyggjarar med hjarte- og karsjukdommar og mindre medikamentbruk. I andre enden av skalaen kan det sjå ut som Nissedal bør jobbe med å få opp trivselen på skulen (10 klasse) og at ein bør sette fokus på å få ned andelen av kvinner som røyker.

Statistikk er ikkje betre enn kvaliteten på tala som vert sendt inn til statistikkbanken. Det kan sjå ut som Nissedal manglar undersøkingar på ein del område, då det manglar ein del registreringar for Nissedal. Spesielt gjeld dette undersøkingar om lokalmiljøet og trivsel blant ungdom. Ein bør ha fokus på dette i tida framover, slik at ein og får fram samanlikningsgrunnlag på desse områda.

Regjeringa har dei siste åra hatt fokus på kommunesamanslåing og fylkessamanslåing. Målet er å gjere kommunane meir robuste og bærekraftige, og samstundes få gode og likeverdige tenester. Nissedal har valt å ikkje slå seg saman med andre kommunar, og vil heller prøve å klare seg sjølv i åra framover. Ein ser at det fort gjer utfordringar, då små kommunar får like store krav og oppgåver som større kommunar.

For å løyse mange av oppgåvene må dei små kommunane inngå samarbeid med andre kommunar. Dette gjer me på fleire fagområder, t.d. legevaktsamarbeidet med Arendal, barnevernsamarbeidet i heile Vest-Telemark, og sist ut samarbeid om psykologtenestar med fem Vest-Telemarkkommunar.

Nytt krav til kommunane er å nytte velferdsteknologi som ein del av helse- og omsorgstenestane. Dette er hjelpemiddel som kan nyttast for å gje innbyggjarane betre moglegheiter til å bu lengre heime og samstundes oppleve auka meistring og sjølvstende. Døme på velferdsteknologi er tryggleiksalarm som vi allereie har hatt ein del år, medisindispenser som varslar dersom du ikkje tek medisinen, fallalarm, digitalt tilsyn osv. Nissedal er deltek i prosjekt «Velferdsteknologi» saman med Vest-Telemarkkommunane. Ein har og oppretta ei lokal prosjektstilling som saman med lokal prosjektgruppe skal jobbe med innføringa av velferdsteknologi i kommunen.

Rusfritt, robust og rettferdig er eit prosjekt i regi av fylkeskommunen og er eit prosjektarbeid som frå 2020 - 2023 inngår i ei 10 årig satsing på program for folkehelsearbeid frå regjeringa. Nissedal har søkt om og fått midlar frå dette prosjektet. Målgruppa er born og unge, og mål med prosjektet er å utvikle og etablere tiltak innan rusførebygging, psykisk helse og/eller utjamning av sosial ulikskap slik at barn og unge utviklar eigenskapar som gjer at dei får færre utfordringar og betre psykisk helse. Nissedal kommune er i gang med prosjektet.

Regjeringa har innført ein kvalitetsreform for eldre, «Leve heile livet». Målet er å skape eit meir aldersvennleg samfunn der dei eldre lever gode liv og deltek i fellesskapet. Den omfattar fem satsingsområder som kommunane har utfordringar rundt i dag. Kvart satsingsområde inneheld fem utprøvde løysingar som kan gjere tilbodet til dei eldre betre.

Kommunane skal gjennom politiske vedtak ta stilling til korleis tiltaka i reforma kan utformast og gjennomførast lokalt, innarbeide dei i sitt planverk og sette reforma ut i livet.

Dei kommunane som omstiller seg i tråd med reforma, vil bli prioritert innanfor ei rekke relevante tilskotsordningar.

Nissedal kommune er i gang med ein omsorgsplan der nokre av tiltaka kan være aktuelle.

Nissedal Kommune har naturskjøne og turvenlege område som er gjort tilgjengelege for alle. Det er merka opp 38 turløyper på fjelltoppar i kommunen som passar både store og små. Det er innført ei ordning med T-skjorte med motiv av lokal kunstnar dersom ein gjennomfører minst 10 turar i sesongen. Dette har vore ein suksess, og garantert ført til mykje god folkehelse i Nissedal kommune. Me har registrert ei veldig auke av turar dei siste åra.

Utfordringar:

- Å vere ein liten kommune og løyse alle nye oppgåver som skal løysast i kommunane

- Å få til gode samarbeidsmodellar med andre kommunar som gjer kommunen meir robust og klarar å oppretthalde gode rettferdige tenester.
- Å få til ei god satsing på velferdsteknologi.
- Å skape gode tiltak som vil fremme barn og unges psykiske helse og trivsel.
- Å få til ei satsing på kvalitetsreforma «Leve heile livet» som vil gjere samfunnet meir aldersvenleg
- Å halde fram med ei satsing på folkehelse gjennom å bruke naturen i Nissedal som arena.

4.7 Barnehage, skule og utdanning

Utviklingstrekk

Barn over eitt år har lovfesta rett til barnehageplass, jf. barnehagelova § 12a. Nissedal kommune klarer å imøtekomme dette kravet. Kommunen har i dag nok tilsette med formell kompetanse innanfor barnehageområdet. Det er eit prioritert område å arbeide for å rekruttere og behalde barnehagelærarar. Det er og eit mål å auke andelen tilsette med fagbrev i barne- og ungdomsarbeid.

Barnehagelova blir frå 01.01.21 endra slik at det kjem lovfesta rett til eit godt psykososialt barnehagemiljø, slik som i skulen, og det vil krevja at vi har godt kompetente tilsette i alle ledd i barnehage.

Både i barnehage og i skule blir det arbeid med oppfylging av strategiplan for digital satsing. Det er viktig å ikkje stoppe opp, men vere i stadig utvikling etter prinsippa i SAMR-modellen. Det betyr at vi ikkje berre erstattar analog læring, men redefinerer læringsprosessene gjennom digitale utvikling.

me er i gang med utskifting av barnehage- og skuleadministrative system med innføring av Visma. Det blir endringar i opptak i barnehage og SFO og nye og betre kommunikasjonssystem med heimane.

Kultur, barnehage og skule arbeidar saman for eit godt psykososialt miljø for våre barn og unge, både på dagtid og ettermiddag/kveld. Plan for psykososialt miljø er under utarbeiding

Nissedalsskulen arbeider godt med tilpassa opplæring innafor ordinær undervisning. Dette kjem til syne ved at talet på elevar som får spesialundervisning i kommunen er ligg på og under landsgjennomsnittet over tid. Undervegsvurdering, auka læringstrykk, godt læringsmiljø og klasseleiing er område skulane heile tida har fokus på.

Busetting av flyktningar har gitt oss nyttige erfaringar både i grunnskulen og i vaksenopplæringa som ein må byggje vidare på.

Utdanningsdirektoratet har endra taktikk for utviklingsarbeid ute i barnehage og skule. Tidlegare har vi delteke i store nasjonale satsingar, puljevis i kommunane. Nå er det tenkt lokale utviklingsprosjekt, basert på lokale behov, i samarbeid med universitets- og høgskulesektoren. Dette har resultert i regionale utviklingsområde, og både barnehage og skule deltek i det regionale utviklingsarbeidet i Vest-Telemark, i samarbeid med Universitetet i Sør-Øst Norge.

Utfordringar

- Over tid kan ein sjå at trivsel er ei utfordring. Dette kjem til syne i UngData undersøkingane og til dels gjennom elevundersøkingar i skulen. Dette blir det arbeid med, både lokalt på skulane, men er også tenkt som eit satsingsområde inn i prosjektet *Rusfri, robust og rettferdig*. Den felles planen for psykososialt miljø blir særst viktig her.

- Tilstanden på storskulen på Tveit og stor avdeling i Treungen barnehage er *Utfordringar* som ein må halde fokus på.
- Sikre kvalifisert arbeidskraft i skulen. Innan 2025 må vi lærarane i skule oppfylle kompetansekrava i lovverket. Alle som underviser i faga norsk, matematikk og engelsk på barneskulen må ha 30 stp i vedkommande fag. I ungdomsskulen er kravet 60 stp tilsvarande. På ungdomssteget er det også krav om 30 studiepoeng i andre fag enn dei som er nemnde. me har derfor ei sterk satsing på vidareutdanning av lærarar i åra som kjem.
- me må arbeide vidare med å flytte ressursar til spesialpedagogiske tiltak, frå dei eldste til dei yngste elevane.
- Sikre ein funksjonell IKT strategi i skulen; med m.a. god revideringsplan for innkjøp og finansiering av utstyr, og stadig kompetanseheving og utvikling.
- me må gjennomføre ROS-analyser og få på plass gode rutinar og tiltakskort som ein del av kommunen si beredskapsplan.
- Det blir innført nasjonal rammeplan for SFO hausten 2021 som vi må gjere oss klare til å innføre.
- Ha merksemd på fråfall frå vidaregåande opplæring, og finne årsaker til den høge andelen

4.8 Kultur

Utviklingstrekk

For å sikre kommunen berekraft i å vere ein attraktiv kommune der folk vil bu, er trivsel, inkludering, god helse, identitet og livsmeistring sentrale punkt. Kultur har ei sentral rolle i denne utviklinga

Gjennom å jobbe målretta for dette gjennom tilrettelegging for fysisk aktivitet, sikre eit fritidstilbod alle, ha gode møteplassar for alle og tilrettelegge for bruk av kulturminne og vår lokale kultur, vil ringverknaden av dette arbeidet over tid gje gode resultat for ein kommune som folk vil leve og bu i.

Det vil i åra framover vere svært viktig at kommunen er ein tilretteleggar og ein som aktivt tar roret i å skape møteplassar for born og ungdom. Det er viktig å ha ein sterk kommunal kulturskule, ungdomsklubb og bibliotek. Alle nøytrale og gode arenaer for inkludering.

Gjennom eit mangfald av kultur og kulturtilbod, både kommunale og frivillige, vil vi styrke dei sosiale relasjonane og trivsel blant befolkinga.

I utvikling av kommunen er gamle kulturminne og eigen natur sentral i korleis vi skapar oss ein felles identitet, og korleis vi ut av kommunen marknadsfører oss. me er ein rik kommune på dette, vi må framover ha fokus på korleis vi brukar og tilbyr dette.

Kommuneplanens samfunnsdel, fyrste punkt, understreker viktigheten av dette:

- Me har fokus på folkehelse i alle livets fase
- Me har fokus på livsmestring og trivsel i alle livets faser
- Me har fokus på inkludering og det å høyre til ein stad
- Me har fokus på identitet og omdømme
- Me har fokus på tidleg innsats for å skape eit samfunn med små skilnader og like sjansar for alle
- Me har fokus på trivsel i ungdomsåra og at det er attraktivt å flytte heim att

Utfordringar

- Større ulikskap mellom menneske sosialt og økonomisk
- Psykiske lidningar
- Livstidssjukdomar
- Fråflytting

Alle desse punkta kan ein vere med å motverke med målretta arbeid i kultursektoren, og eit målretta samarbeid mellom einingar.

4.9 Klima og miljø

Utviklingstrekk

Vår tids største globale utfordring er klimaproblematikk. CO2 hentast opp i store mengder og sleppast ut i atmosfæren Jordkloden vert som ein konsekvens varmare.

Dette gjev seg utslag i auka grad av ekstrem nedbør, ekstrem tørke og auka risiko for sørpe- og jordskred. Det førar og til færre levelege område på kloden, som igjen fører til at folk flytter permanent for å ha moglegheit til å overleve.

(I eit slikt perspektiv vil ein truleg måtte taka i mot klimaflyktningar.)

I staden for å fokusere einsidig på å få ned utslepp, er det avgjerande for kommunen si berekraftige utvikling at ein tilpassar planar, visjonar og idear til ein ny kvardag som ein veit kjem til å kome, og som me allereie ser effektar av i dag.

Nissedal kommune skal forplikte seg til å nå måla sett regionalt av Vestfold og Telemark fylkeskommune. Det handlar om 60 % utsleppsreduksjon innan 2030.

Dette er utgreia i Regional klimaplan for Telemark (2019 – 2026)

Klimatilpassing handlar om å ta omsyn til dagens og framtidens klima.

Klimaendringane vil påverke natur og samfunn på både kort og lang sikt. Å ta omsyn til dette er avgjerande for å sikre ei bærekraftig utvikling.

Arbeidet med klimatilpassing skal bidra til at samfunnet blir betre rusta til å møte klimaendringane og drar nytte av eventuelle føremoner som følge av endringar i klimaet

For å avgrense risiko, sårbarheit og ulemper ved klimaendringane, må Nissedal kommune kartleggje vassdrag, elvar, bekkar, rasfare, handtering av overvatn og konsekvens og tiltak ved skogbrann.

Me skal og sjå på moglegheitane som ligg i eit endra klima, med lengre vekstsesong, høgare temperatur og mindre snø. Klimatilpassing er ønska inn i kvar enkelt plan, og vil over tid gje store effektar. Det er viktig å inkludere personar med kunnskap og kjennskap til klimaproblematikken og klimatilpassing i utarbeiding av planar som tenesteeiningane lagar sjølve. På den måten kan ein enklare setje i verk tiltak som er tilpassa arbeidsstad, arbeidssituasjon, arbeidsmengde og realistiske målsetningar som einingane sjølve følgjer opp og er ansvarlege for.

Klimatilpassing handlar ikkje berre om lokale effektar av klimaendringar, men og om tilpassing til klimatiske endringar i andre land. Når verdas matproduksjon og produksjon av ei rad andre naudsynte produkt går ned som følgje av klimaendringar, er det viktig at ein er

budd. Det vil seie at me må tilpasse vårt samfunn til konsekvensane av klimaendringar i andre land.

Utfordringar

- å nå målet om utsleppsreduksjon sett i Regional klimaplan
- å klare gjennomføring av tiltak for å tilpasse oss klimaendringane

5. Vurdering og prioritering av planbehovet dei neste fire åra

I dette kapitlet er det gjort ei vurdering og prioritering av planbehova dei neste fire åra. Det er i nokon grad konkretisert kva fokusområde som skal leggest til grunn for dei planane kommunen vil revidere/utarbeide. Dette må utdjupast seinare, i planprogram og/eller oppstartsvarsel for den enkelte plan. Ved utarbeiding av planprogram må det leggest vekt på utfordringsbildet i kap. 4, og dei nasjonale og regionale føringane.

Tabellen under gir ei oversikt over gjeldande planar og planar under arbeid. Det er gjort ei avgrensing til kommuneplan, kommunedelplanar, kommunale reguleringsplanar for bustad og næring og temaplanar/ sektorplanar.

Private reguleringsplanar er ikkje tekne med i oversikta, men går fram av arealdelen av kommuneplanen. Likeeins er planar av typen verksemdsplanar og årsplanar haldne utanfor då desse i fyrste rekke er interne styringsdokument for einingane.

5.1 Vedtekne planar og planar under arbeid

VEDTEKNE PLANAR	VEDTEKEN
Kommuneplanen, samfunnsdelen 2020-2031	Kommunestyret, sak 070/20, 12.11.2020
Kommuneplanen, arealdelen 2014-2025	Kommunestyret, sak 030/14, 28.05.2014
Kommunedelplan for Kyrkjebygdheia	Kommunestyret, sak 010/17, 16.02.2017
Kommunedelplan for Kyrkjebygda	Kommunestyret, sak 038/14, 19.06.2014
Kommunedelplan for Treungen sentrum	Kommunestyret, sak 010/15, 05.03.2015
Kommunedelplan for Gautefallheia	Kommunestyret, sak 032/14, 28.05.2014
Kommunedelplan for Felle	Kommunestyret, sak 039/14, 19.06.2014
<i>Reguleringsplanar:</i>	
Sundsodden industriområde	Kommunestyret, sak 164/82, 19.08.1982
Vik huskrull	Kommunestyret, sak 044/82, 04.03.1982
Framnes øvre	Kommunestyret, sak 033/75, 28.02.1975
Framnes II	Kommunestyret, sak 025/86, 06.02.1986
Nisseheimen	Kommunestyret, sak 027/95, 04.05.2995
Hesmyr huskrull	Kommunestyret, sak 043/82, 04.03.1982
Smeitkollen	Kommunestyret, sak xxx/75, 09.05.2975
Kåsa-Solli	Kommunestyret, sak 246/80, 20.12.1980
Kåsa-Solli, nord	Formannskapet, sak 039/12, 22.03.2012
Solås	Fylkesmannen, 18.06.1970
Treungen sentrum	Kommunestyret, sak 044/81, 05.03.1981
Tveitsund bustadfelt	Kommunestyret, sak 020/07, 03.05.2007
Treungen nord	Kommunestyret, sak 058/97, 09.10.1997
Tveitsund bru, Sommarsletta og Nisser brygge	Kommunestyret, sak 053/18, 06.09.2018
Treungen sør	Kommunestyret, sak 025/12, 29.03.2012

Sundsmoen industriområde	Kommunestyret, sak 390/83, 20.12.1983
Åsen huskrull	Kommunestyret, sak 045/17, 15.06.2017
Berlimoen pelsdyrområde	Kommunestyret, sak 232/86, 02.10.1986
Sundsmyr pelsdyrområde	Kommunestyret, sak 002/89, 16.02.1989
<i>Temaplanar/ sektorplanar</i>	
Klimaplan	Kommunestyret, sak 042/10, 20.05.2010
Overordna beredskapsplan	Kommunestyret, sak 70/16, 07.09.2016
Heilskapleg ROS-analyse	
Atomberedskapsplan	2007
Handlingsplan for trafikksikring	Kommunestyret, sak 82/18, 13.12.2018
Rusmiddelpolitisk handlingsplan	Kommunestyret, sak 51/20, 17.06.2020
Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet	Kommunestyret, sak 09/12, 16.02.2012
Strategisk næringsplan	Kommunestyret, sak 10/13, 07.03.2013
Bu- og næringsutvalets rapport	Kommunestyret, sak 57/12, 29.09.2012
Landbruksplan for Nissedal kommune	Kommunestyret, sak 98/14, 11.12.2014
Hjorteviltplan for Nissedal kommune	Formannskapet, sak 60/19, 23.05.2019
Folkehelseplan	2011
Bustadsosial handlingsplan	Kommunestyret, sak 12/08, 28.02.2008
Plan for busetting og integrering av flyktingar	Kommunestyret, sak 38/15, 21.05.2015
Plan for barne- og ungdomshelsetenesta	Kommunestyret, sak 120/11, 15.12.2011
Leseplan for 1.-10. steg «Lære å lese – lese for å lære – lese for livet»	Ferdigstilt i 2019 Har ikkje vore til politisk handsaming
Plan for vurdering for læring	Ferdigstilt i 2014 Har ikkje vore til politisk handsaming
Plan for psykososialt miljø for born og unge i Nissedal kommune	Kommunestyret 2012
«Frå eldst til yngst» Plan for overgangar	Kommunestyret, sak 40/17, 15.06.2017
Plan for heim/skule-samarbeid for Tveit skule/Nissedal ungdomsskule	Ferdigstilt i 2014 Har ikkje vore til politisk handsaming
Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune	Kommunestyret, sak 40/18, 14.06.2018
Plan for tilsyn med barnehagane i Nissedal kommune	Ferdigstilt i 2019. Har ikkje vore til politisk handsaming
Trafikkopplæringsplan for skulane i Nissedal kommune	Utarbeidd i 2018 som ein del av Handlingsplan for trafikksikring i Nissedal kommune 2019 - 2020
Plan for den kulturelle skulesekken	Kommunestyret, sak 66/16, 16.06.2016
Hovudplan for vatn og avlaup	Kommunestyret, sak 19/17, 16.03.2017
Plan for bruk av nynorsk i Nissedal kommune	Kommunestyret, sak 67/14, 02.10.2014
PLANAR UNDER ARBEID/REVISJON	FRAMDRIFT
Kommuneplanen, arealdelen 2021-2032	Blir eigengodkjent ila. 1. halvår 2021.
Reguleringsplan Framnes øvre	Varsla planoppstart, godkjenning i 2021
Reguleringsplan Treungen sentrum, nord	Varsla planoppstart, godkjenning i 2021
Jettegrytene	Varsla planoppstart
Beredskapsplanar oppvekst	Ferdigstillast vår 2021
Plan for psykososialt miljø	Ferdigstillast vinteren 2021
«Frå eldst til yngst» plan for overgangar	Ferdigstillast vår 2021
Plan for helse- og sosial beredskap	Ferdigstillast vår 2021
Omsorgsplan	Ferdigstillast i 2021
Oversiktsbilete folkehelse	Ferdigstillast 2021

5.2 Status og vurdering av den einssilde planen

5.2.1 Kommuneplanen for Nissedal, samfunnsdelen

Status

Kommuneplanens samfunnsdel blei vedteken av kommunestyret i 2020. Den hadde då ikkje vore revidert sidan 2014

Vurdering av behov for revidering

Det er ikkje behov for planrevisjon i inneverande valperiode.

5.2.2 Kommuneplanen for Nissedal, arealdelen

Status

Gjeldande arealdel i kommuneplanen er frå 2014. Revidering av planen blei sett i gang i 2019, parallelt med samfunnsdelen. Grunna fleire uavklara motsegner mot det nye planforslaget, har eigengodkjenninga blitt sett på vent. Slik godkjenning vil skje i løpet av 1. halvår 2021.

Vurdering av behov for revidering

Når eigengodkjenninga av nåverande planforslag er på plass, er det ikkje behov for nokon ny planrevisjon i inneverande valperiode.

5.2.3 Kommunedelplanen for Kyrkjebygdheia

Status

Planen blei sist rullert i 2017. Planen gav etter plan- og bygningslova § 30-6 heimel til å krevje eksisterande fritidsbustader tilkopla felles vatn- og avløpsnett. Planen legg til rette for både fortettingar av eksisterande hyttefelt og utvidingar av slike. Etter godkjenningsvedtaket er det fremja forslag til ein ny detaljreguleringsplan, *Nordstøyl hyttegrend*. Denne planen vil bli sluttbehandla i løpet av 1. halvår 2021.

Vurdering av behov for revidering

Det er ikkje behov for planrevisjon i inneverande valperiode.

5.2.4 Kommunedelplanen for Kyrkjebygda

Status

Planen blei sist rullert i 2014. Nye attraktive bustadområde var i fokus. Det er sett i gang planprosess for revisjon og utviding av detaljreguleringsplanen *Framnes Øvre*.

Vurdering av behov for revidering

Det er ikkje revisjonsbehov i inneverande valperiode.

5.2.5 Kommunedelplanen for Treungen sentrum

Status

Planen blei sist rullert i 2015. Nye attraktive bustadområde var i fokus. Det er sett i gang planprosess for revisjon og utviding av detaljreguleringsplanen *Treungen sentrum nord*.

Eksisterande fritidsbustader kan etter planendringa krevjast tilkopa felles vatn- og avløpsnett.

Plan for ei ny Tveitsund bru opnar for alternative plasseringar. Ein revisjon av denne kommunedelplanen vil vere aktuell som ei formell prosessforankring ved val av brualternativ og eventuelle endringar av tilførselsvegar til denne

Vurdering av behov for revidering

Planen bør reviderast når Statens vegvesen har lagt fram meir grundige kostnadsalkyler for dei ulike brualternativa.

5.2.6 Kommunedelplanen for Gautefallheia

Status

Planen blei sist rullert i 2014. Nye byggeområde for fritidsbustader og fortetting av slike var hovudtema. Eksisterande fritidsbustader kan etter planendringa krevjast tilkopa felles vatn- og avløpsnett. Planen har til nå utløyst eit detaljreguleringsforslag, *Felehovet sør og Reinsvatn*. Planforslaget er fortsatt i prosess.

Vurdering av behov for revidering

Det er ikkje revisjonsbehov i inneverande valperiode.

5.2.7 Kommunedelplanen for Felle

Status

Planen blei sist rullert i 2014. Nye byggeområde for bustader og fritidsbustader var hovudtema. Utbygging av områda *Bakkane, Damholta* og *Dukheia* kan skje utan detaljreguleringsplan for inntil fem heilårsbustader i kvart av dei. Det er ikkje bygd nye heilårsbustader i desse områda etter planrevideringa. Eksisterande fritidsbustader kan etter planendringa krevjast tilkopa felles vatn- og avløpsnett.

Vurdering av behov for revidering

Det er ikkje revisjonsbehov i inneverande valperiode.

5.2.8 Klima og energiplan

Status

Planen blei vedteken av kommunestyret i 2010. Utarbeida som ein sektorplan/temaplan utan formalisering gjennom plan- og bygningslova.

Vurdring av behov for revidering

Det foregår eit arbeid med felles klimaplan for Vest-Telemark. Tanken er at ein slik felles plan skal forplante seg til kommunevise planar. Det er difor aktuelt å revidere vår klimaplan i planperioden.

5.2.9 Overordna beredskapsplan

Status

Overordna beredskapsplan vart vedteken av kommunestyret i 2016, og har vore grunnlagsdokument for krisehandtering seinare

Vurdering av behov for revidering

Etter tilsyn frå statsforvaltar er det trong for revidering av planen tidleg i planperioden

5.2.10 Atomberedskapsplan

Status

Atomberedskapsplanen er frå 2007.

Vurdering av behov for revidering

Tilsyn frå Statsforvaltar gjev oss merknader til denne planen at den må oppdaterast på grunnlag av kommunal atomberedskap frå 2017.

5.2.11 Handlingsplan for trafikksikring

Status

Planen vart sist rullert i desember 2018.

